

Foreldre til born i 7. klasse ved Sagvåg skule  
Sagvåg skule  
Fitjarvegen 120  
5410 Sagvåg

25. oktober 2012

Stord kommune  
Postboks 304  
5402 Stord

Att:  
Rådmann Magnus Mjør  
Skulefagleg rådgjevar Marit Kjelby

### **Behov for ekstra lærarressursar til Sagvåg skule**

Sagvåg skule opplever ei utvikling i retning av stadig større antal elevar i klassane. For 7. klasse er elevtalet auka frå 25 til 30 elevar sidan mai. Det er på foreldremøte i 7. klasse vedteke at foreldra skal senda førespurnad til Stord kommune om snarleg utløyising av ekstra lærarressursar.

Det har ikkje vore mogleleg for skulen å forutsjå denne situasjonen. Status ved oppstart av skuleåret var at elevtalet var under 30. Klassen er no så stor at elevtalet utløyser ekstra lærar, jfr. den praksisen Stord kommune har hatt når det gjeld klassestorleik ved skulane i kommunen.

Utdanningsforbundet meiner at auka lærartetthet er ein føresetnad for at andre gode tiltak i skulen skal kunne realiserast. Forbundet held fram/påpeikar at det er store skilnader når det gjeld lærartetthet mellom skular i ulike kommunar. Det er viktig at elevar er sikra like vilkår på dette området, og forskning viser også at det er læraren som er viktigast for eleven si læring. Utdanningsforbundet ser med uro på utvikling i retning av lågare lærartetthet, og har også komme med høyringsuttale i samband med endring i opplæringslov og privatskulelov når det gjeld dette temaet.

«Vår» klasse er ein gjeng med kjekke born/ungdommar, men det vil alltid vera slik at elevar med ulikt modningsnivå, kompetansenivå og nivå på språk (fleire framandspråklege elevar i klassen), krev ressursar. Elevane i denne klassen er no godt i gang med det siste året på barneskulen, og det er viktig å leggja til retta for ein god overgang til ungdomsskule. Me meiner at tilstrekkeleg med lærarressursar er ein føresetnad for det.

Dei fysiske tilhøva ved skulen, som ikkje er ein tradisjonell klasserom-skule, vanskeleggjer å handtera heile klassen på 30 elevar i ei gruppe. Dei disponerer i dag det største rommet ved skulen, men tilhøve knytt til fysisk miljø vanskeleggjer til tider moglegheit for konsentrasjon, individuelt arbeid og individuell oppfølging. Me viser her til opplæringslova §§ 9-a 1 og 9a-2 om elevane sitt fysiske miljø.

Me er opptekne av at denne store klassen får eit tilstrekkeleg godt pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg tilbod, slik dei har krav på etter opplæringslova § 8-2. Me stiller spørsmål ved om situasjonen i denne klassen no er i tråd med lovverket.

Det vil vera vanskeleg å praktisk gjennomføra ein deling av klassen pga skulen si fysiske utforming. Ei betre og meir fleksibel løysing vil vera at ekstra lærarressursar kan bidra til at ein kan dela elevane i grupper og bruka grupperom i mykje større grad enn i dag. Dette vil gje betre føresetnader for elevane si læring.

Me er kjent med at så stort tal elevar i klassen vil utløysa meir lærarressursar frå 1.1.2013 (ref. budsjettframlegg for 2013), men me meiner at endring i elevtal i denne klassen har auka med svært mange på kort tid, og me ber om at det vert tilført klassen tilstrekkelege lærarressursar **straks**.

Med helsing

Foreldre til elevar i 7. klasse ved Sagvåg skule

  
Anne Britt Melkevik Dahle  
Foreldrekontakt

  
Diana Helland Bergeland  
Foreldrekontakt

Kopi:

Rektor Lars Bakka ved Sagvåg skule

FAU ved Sagvåg skule